



Sunnfjord
kommune

Søknad Norges kulturkommune 2025

Sunnfjord kommune – Kultur i sentrum



Innhold

1	Sunnfjord kommune	3
1.1	Om Sunnfjord kommune	3
1.2	Tenesteområdet kultur og idrett.....	4
1.2.1	Kultur og ungdom.....	4
1.2.2	Idrett og friluftsliv	5
1.2.3	Kulturskule	7
1.2.4	Bibliotek.....	8
1.3	Ambisiøse mål	10
2	Kultur i sentrum	11
2.1	Astruptunet	11
2.2	Astruptunet visningscenter	12
2.3	Vidsyn.....	15
2.4	Landslovjubileet	16
	16
2.5	Satsing skulebibliotek.....	20
2.6	Rom for ord.....	20
2.7	Anleggsdekning i Sunnfjord kommune	21
2.8	Forprosjekt ny svømmehall	24
2.9	Handverksløftet.....	25
2.10	VM i vektløfting 2025 i Sunnfjord.....	26
2.11	Kunst i sentrum.....	26
2.12	Historia om Førde	29
2.13	Andre samarbeidspartar.....	30
3	Forankring	32
3.1.1	Kultur i kommunale planar.....	32
3.1.2	Organisatorisk, administrativ og politisk støtte	33
3.1.3	Tiltak for tilgjengelegheit og inkludering	35
3.2	Ambisjonar og refleksjon over framtida	35
3.3	Vedlegg.....	39

1 Sunnfjord kommune

1.1 Om Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune ligg nord i Vestland fylke og blei etablert i 2020 gjennom samanslåinga av kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster.

Kommunen har eit areal på 2,069 kvadratkilometer og omlag 22,500 innbyggjarar.

Sunnfjord kommune er kjend for sitt vakre landskap med fjordar, fjell og innsjøar. Kommunen legg vekt på utvikling og trivsel for innbyggjarane sine, med fokus på kultur og idrett, helse og omsorg og utdanning. Det er også eit sterkt engasjement for berekraftig utvikling og miljøvern. Kommunen har eit variert og innovativt næringsliv, og stor produksjon av fornybar energi. Sunnfjord kommune er ein rik landbrukskommune, og fleire gode utdanningsinstitusjonar har tilhaldsstad i kommunen.

Sunnfjord kommune er eit regionsenter for kultur, med lokale, regionale og nasjonale institusjonar og aktørar som er attraktive for både eigne innbyggjarar og tilreisande. Sunnfjord er kultursenteret nord i Vestland, og kulturlivet i Sunnfjord er rikt og variert. Kommunen har fleire [kulturhus](#) og grendehus som vert nytta til ulike arrangement og aktivitetar. Førde er det største regionsenteret mellom Bergen og Ålesund.

Kultur og idrett i Sunnfjord kommune ligg omlag på gjennomsnittet i KOSTRA gruppe 9. Tal årsverk i Sunnfjord kommune er 1860 og totalbudsjettet er 2 715776 149.

Årsverk

Tabellen under viser årsverk, tal tilsette og kjønnsfordelinga i kommunen sine sektorar pr. 31.12.2023:

Sektor	Tal årsverk	Tal årsverk kvinner	Tal årsverk menn	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn
Leiling	9	5	4	9	5	4
Stab	102	64,6	37	109	70	39
Skule	543	404,1	138,6	620	466	154
Barnehage	253	217,5	35,8	279	241	38
Helse- og sosial	189	160,6	28,1	227	184	43
Omsorg	550	487,9	62,4	777	671	106
Kultur og idrett	41	26,1	14,9	57	36	21
Teknisk og miljø	173	72,5	100,4	255	96	159
Sum	1 860	1 438	421	2 333*	1 769	564

1 Årsverk og fordeling frå Framsikt 2023

Omsorg 645 643 016	Skule 514 541 269	Felles inntekter og utgifter 376 853 259	Helse og sosial 338 260 707	Teknisk og miljø 331 021 301	Barnehage 302 389 912
					Stab og støtte 138 369 175
					Kultur og idrett 68 699 509

2 Totalbudsjett fordelt på sektorer Framsikt 2023

1.2 Tenesteområdet kultur og idrett

Tenesteområdet kultur og idrett vert leia av kommunalsjef for kultur og idrett og har fire einingar: Kultur og ungdom, Idrett og friluftsliv, Kulturskule og Bibliotek. Under tenesteområdet ligg også allment kulturarbeid, kulturminne og ulike kulturprosjekt.

Målet er å styrke det positive samhaldet slik at kommunen vert ein god bu- og utviklingsarena. Innbyggerane i Sunnfjord kommune skal få høve til å oppleve kulturverdiar i sitt eige heimemiljø både gjennom kulturell eigenaktivitet og gjennom kulturverdiar skapt av andre. Kultur skapar samfunn, og eit sterkt og mangfaldig kulturliv har ei skapande kraft gjennom å legge til rette for gode møteplassar, bidra til demokrati, deltaking og medverknad der vi bur. Eit sterkt og aktivt idretts- og friluftsliv bygger samhald, identitet og trivsel, og bidreg til fysisk fostring og god helse.

Det er ei stor breidde i oppgåvene, aktivitetane og tenestene til einingane. Tenesteområdet kultur og idrett jobbar i stor grad saman med frivillige, profesjonelle og andre aktørar. Dette samarbeidet gjer det mogleg å skape store og viktige opplevingar og aktivitetar innan kultur- og idrettsfeltet med relativt avgrensa ressursar. Saman blir vi drivande gode!

1.2.1 Kultur og ungdom

Eininga har ansvar for programmering av kulturtilbod i Førdehuset, utleige av kultur- og møtelokale, kinodrift og ungdomsarbeid i huset, prosjekta Dans utan grenser og Ung Kultur Møtest (UKM). Eininga har også oppgåver innan allment kulturarbeid som organisering av 17. mai, kulturminne og ulike kulturprosjekt som Rom for ord distriktsvarianten for litteraturhus.

Eininga driv med utleige av kulturlokale med eit stort tal øvingar, møte og arrangement som Bornas Verdsdag, Familielaurdagar og Jul i Førdehuset.

Kino Førde tilbyr eit variert kinotilbod for alle aldersgrupper, og samarbeider med lag, organisasjonar og institusjonar.

Satsing på ungdom. Ungdomsarbeidet til eininga inkluderer drift av to ungdomsklubbar, SLT-arbeid (førebyggjande arbeid mot rus og kriminalitet blant ungdom), prosjektet Dans utan grenser og Ung Kultur Møtest (UKM).

Undersøkingar syner at barn og ungdom i Sunnfjord ønsker seg fleire møteplassar. Difor er kommunen i gang med å bygge ny møteplass på Førdehuset som skal vere eit viktig supplement til dei aktivitetane og tilboda som allereie i dag finst på huset. Samarbeid med bibliotek, kino, kulturskule, idrettstilbod og svømmehall gir ein unik moglegheit for breidde i tilbodet til ungdom. Førdehuset vil med dette få eit framtidsretta tilbod som inkluderer ungdomane i kommunen, og som gjer at ungdomane kan sjå på Førdehuset som «sin møteplass», sjølv om dei ikkje deltek på organisert aktivitet. Den nye ungdomsklubben skal ligge i dei gamle verkstadhallane til Teater Vestland.



3 17. mai ved Førdehuset, foto: Sunnfjord kommune

1.2.2 Idrett og friluftsliv

Eininga for idrett og friluftsliv har ansvar for drift og utleige av kommunale idrettsanlegg ute og leiar samarbeidsnemnda for Hafstadparken.

Vidare har eininga ansvar for utleige kveld, helg og i skuleferiar, idrettsutstyr og aktivitetsflater i idrettshallane Skei storhall, idrettshall Førdehuset, Halbrendshallen, Jølstrahallen, Naustdalshallen, Gaularhallen og Bygstad idretts- og fritidspark. Dei har også kontroll med klatre- og buldreveggar i idrettshallane.

Drift av offentleg bading i bassenget i Førdehuset ligg også til eininga.

Andre oppgåver eininga løyser er handsaming av spelemidlar for idrett (inkludert forskottering) og generelt hjelp til lag- og organisasjonar ved bygging av idretts- og nærmiljøanlegg.

Sjå meir i vedlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv med handlingsplan for spelemidlar vedlegg 12-1 og plan for friluftslivets ferdselsårer vedlegg 12.

Eininga jobbar med oppfølging av kommunale prosjekt ved bygging av idretts- og nærmiljøanlegg. Dei har ansvar for statleg sikra friluftsområde, drift av dagsturhyttene og toppturparkering, oppfølging av friluftslivprosjekt og sakshandsaming knytt til forvaltning og motorferdsel i utmark. Sakshandsaming knytt til verna område og forvaltningsansvar for tre naturreservat ligg også til eininga. Eininga har også ansvar for oppfølging av Sunnfjord idrettsråd og Friluftforum.



3 Fossar i Sunnfjord, foto: David Zadig

1.2.3 Kulturskule



4 Sunnfjord kulturskule, Kunst på betong med gruppe MIM, foto: Helga Lied Wyrzt

Sunnfjord kulturskule har stor aktivitet og utviklingskraft, sett i høve til kommunestorleiken. Kulturskulen har gjennom mange tiår vore eit ressurscenter i kommunen for både frivillige og for profesjonelle aktørar. Skulen har 8 distriktsmusikarar tilsett i heile stillingar. Dei driv både utøvande verksemd, undervisning i kulturskulen og dirigent- og instruktørverksemd. Desse stillingane er viktige, både for å få høgt kvalifiserte medarbeidarar til undervisning og utøving i kulturskulen, og for det frivillige kulturlivet som får dyktige dirigentar og instruktørar. I 2019 tilsette kommunen to distriktsmusikarar innan folkemusikk for å ivareta lokal folkemusikk og den immaterielle kulturarven.

Som ressurscenter samarbeider kulturskulen tverrsektorielt internt i kommunen med både skule, barnehage, helse og omsorg i tillegg til dei andre kultureiningane. Gjennom samarbeid med helse har folkehelseiltaket Førde seniorkor oppstått, med over 50 medlemmer per i dag. Kulturskulen er også med og driv Førde internasjonale kor, som er ein lågterskel møtestad for alle som likar å synge. Eit aukande fokus på musikken sin positive effekt for folkehelse, har resultert i tilsetjing av musikkterapeut. I 2023 tilsette eininga teaterlærar i kulturskulen, og over 70 barn og unge i kommunen får teateropplæring. I eit samarbeide med Teater Vestland har vi starta «Teater Vestland Ung» for dei eldste elevane. Sunnfjord kulturskule har gjennom fleire år tatt eit leiaransvar for fordjupings-/talenttilbod til kulturskuleelevar i ein større

region. I 2022 og i 2024 fekk kommunen midlar frå Dextra-stiftinga til å samskape eit fordjupingstilbod, først i sju kommunar, og frå 2024 i ni kommunar i Sunnfjord, Nordfjord og Ytre Sogn. Tilbodet vert gitt til elevar i visuelle kunstfag og musikk. Fleire av kulturskulen sine elevar er no å sjå og høyre på nasjonale og internasjonale scener.



5 Tidlegare songelev Annika Synnøve Beinnes som Flaggermusen, plakat: Bergen Nasjonale Opera

[Stortingsmelding 18](#) «*Opplive, skape, dele*» nemner kulturskulen i Sunnfjord fleire gonger; både når det gjeld det tette samarbeidet med frivilliglivet og kunst- og kulturtilbodet i barnehagen i regi av Kulturbarnprosjektet.

Sunnfjord kommune opna 14.2.2020 eit heilt nytt kulturskulebygg til ein kostnad av 80,3 mill. kroner, og har såleis eit av Norges mest moderne kulturskulebygg. Den nye kulturskulen ligg i tilknytning til kulturhuset Førdehuset, og gjev dermed eit stort bidrag til kulturklyngja i dette området. Den nye kulturskulen har tilpassa undervisningsrom til ulike instrumenttypar, to store ensemblerom som òg fungerer som konsertsalar og studio med moglegheit for lydopptak frå fleire av salane i bygget.

Frå 2021 til 2023 har kulturskulen i Sunnfjord vore deltakar i pilotprosjektet til KS og Norsk Kulturskoleråd, «*Kulturskole 3.0 – fremtidens kulturskole*». I prosjektet har samskaping på tvers av sektorar stått i fokus. I dette prosjektet har kulturskulen samarbeidd med skule- og barnehagesektoren om eit konkret prosjekt med tittelen [Frode laks](#), der målet er å trygge borna i overgangen frå barnehage til skule gjennom gjenkjenningsobjekt.

1.2.4 Bibliotek

Sunnfjord bibliotek har hovudbibliotek i Førde, kombinasjonsbibliotek med grunnskule på Vassenden, Naustdal, Skei og Sande, i tillegg til bibliotek i Viksdalen. Alle seks biblioteka er godt besøkt av barnefamiliar og vaksne, og har hovudfokus på leseglede, kunnskap og kultur.

Biblioteka hadde 90 806 besøk og eit samla utlån med fornyingar på 113 972 bøker og andre media i 2023.

I tillegg driftar biblioteka nynorske barnebibliotek på alle dei seks dagsturhyttene, lesekiosk i Førde og bok-i-butikk-tilbod i Bygstad.

Bibliotek er ein viktig demokratisk institusjon i lokalsamfunnet. Samfunnsoppdraget er breiare enn tidlegare. Å vere til stades i ei boksamling for at publikum skal få låne og levere inn bøker, er berre ei av oppgåvene.



6 Forfattarmøte Førde bibliotek med Alexander Skadberg og Tove Lie, foto: Torunn Rygg

Biblioteka har fokus på å inkludere nye innbyggjarar og hindre utanforskap ved å tilby tenester gratis, som til dømes tilby lån av materiale på andre språk, arrangement og aktivitetar. Ved arrangement og aktivitetar har biblioteka fokus på samtale, debatt, berekraft og livsmeistring.

Biblioteka arbeider prosjektbasert. Eit godt døme på dette er at Sunnfjord bibliotek saman med biblioteka i Bremanger og Øygarden

kommune er i gang med eit pilotprosjekt kalla "Generasjonsmøte med litteratur" finansiert av Vestland fylkeskommune. Elevar og barnehageborn møter eldre i omsorgsbustader og institusjonar.

Formålet er å skape møte på tvers av generasjonar der dei yngre vert kjende med menneske i ulike livsfasar og dei eldre kan møte nye menneske der dei bur. Gjennom litteratur og felles lesing er målet å auka livskvalitet og kognitiv funksjon.

Kommunen legg vekt på gode tenester nær innbyggjarane der dei bur og har eit desentralisert kultur- og idrettstilbod. Vedlegg 1-4 CV einingane innan kultur og idrett

Totalsum: 68 699 509

Kultur og ungdom 29 907 362	Kulturskule 17 225 581	Idrett og friluftsliv 9 866 920	Bibliotek 8 869 485
			Kommunalsjef kultur og idrett 2 830 160

7 Budsjett Kultur og idrett frå Framsikt 2023

1.3 Ambisiøse mål

Kommunen har som mål å bli eit kulturelt tyngdepunkt for kunst og kultur i Vestland. Kommunen arbeidar aktivt for å fremme brei deltaking og inkludering i kulturlivet.

- Plan for kultur, frivilligheit og inkludering 2024–2030.
Planen prioriterer seks tiltak: nytt svømmeanlegg og utvikle funksjonen til Norges eldste regionale fleirbrukshus Førdehuset, førebyggjande arbeid folkehelse og motverke utanforskap, gode arenaer til ulike målgrupper og aktivitetar, kulturelt tyngdepunkt i regionen og fylket, best moglege vilkår for det frivillige feltet, ta vare på, sikre og synleggjere kulturminne og kulturmiljø, vedlegg 5.
- Kulturmiljøplan 2023–2030 har som mål å auke kunnskapen om kulturminna i Sunnfjord, ta vare på dei og gjere dei tilgjengelege. Planen er eit viktig bidrag til å skape fellesskap og identitet i ein ny kommune. Planen inneheld 16 tiltak som skal sikre god forvaltning av kulturminna i kommunen, vedlegg 6.
- Sunnfjord kommune tilbyr tilskotsmidlar til einskildarrangement, prosjekt og andre tiltak innan kultur, idrett og friluftsliv. Dette gir lokale aktørar moglegheita til å utvikle og gjennomføre kulturelle aktivitetar.
- Utvikle prosjektet Rom for ord, ein distriktsvariant av litteraturhusa i kommunen og regionen.
- Kommunen deler årleg ut kulturpris for å løfta fram kulturaktørar og personar og eldsjelpris til einskildpersonar som har gjort ein særleg innsats innan frivilligheit.
- Norges eldste fleirbrukshus Førdehuset fyller 50 år i 2026. Førdehuset skal oppgraderast og utviklast for å møte dagens standard og krav frå publikum. Dette inkluderer både fysiske oppgraderingar og utviding av aktivitetstilbodet, vedlegg 7 og 8.
- Sunnfjord kommune ønsker å vere ein inkluderande kommune der alle innbyggjarar, uavhengig av bakgrunn, skal ha moglegheit til å delta i kulturlivet. Dette inkluderer tiltak for å auke deltaking blant minoritetsgrupper og personar med nedsett funksjonsevne

2 Kultur i sentrum

Kommunen har som mål å bli eit kulturelt tyngdepunkt for kunst og kultur i Vestland. Det gjer vi gjennom å samarbeide med andre både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Her kjem ein kort presentasjon av nokre utvalde prosjekt:

2.1 Astruptunet



8 Hennes majestet Dronning Sonja ved nyopning Astruptunet, foto: Sunnfjord kommune

Astruptunet er familieheimen til kunstnarparet Nikolai og Engel Astrup. Astruptunet ligg i Jølster. Nikolai Astrup er ein av landets fremste og mest folkekjære kunstnarar, som i seinare år også har hatt stor suksess utanlands. Hagen og husa i Astruptunet har vore gjennom ei omfattande restaurering og rekonstruksjon.

Den ferdigrestaurerte kunstnarheimen var vart nyopna av Hennes Majestet Dronning Sonja i 2024. Restaureringa og rekonstruksjonen tok heile fire år.

Det hagehistoriske forskingsarbeidet, restaureringa og rekonstruksjonen av hagen vart utført av Arkadia Landskap ved landskapsarkitekt og hagehistorikar Ingeborg Mellgren Mathiesen.

Sunnfjord kommune er eigar av tomt og bygningar i Astruptunet medan Musea i Sogn og Fjordane er driftar av Astruptunet, regulert gjennom ein driftsavtale med kommunen.

Det er Sunnfjord kommune som har vore prosjekteigar, og ein ambisjonen var ein særst høg kvalitet på restaureringsarbeidet for både hus og hage. Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunen, Kode i Bergen og Musea i Sogn og Fjordane.

Prosjektet vart finansiert av Sparebankstiftinga DNB i samarbeid med Sunnfjord kommune. Løyvinga hadde ei total økonomisk ramme på 46 mill. kroner fordelt over 4 år.



9 Astruptunet, foto: Sunnfjord kommune

[Astruptunet](#) er unikt som kunstnarheim i nasjonal og internasjonal målestokk. Eit restaurert hus- og [hageanlegg](#) vil saman med det planlagde visningssenteret ved tunet ha fantastiske kvalitetar for formidling av Nikolai og Engel Astrup sin kunst og virke. Sjå også vedlegg 6 kulturmiljøplanen s.16 Kunstnarheimen på Sandalsstrand.

2.2 Astruptunet visningssenter

I 2028 er det 100 år sidan Nikolai Astrup døde. Kommunen arbeider for eit visningssenter ved Astruptunet. Eit visningssenter på plass ved kunstnarheimen vil ha ei sterk symbolsk kraft hundre år etter hans død og stadfeste ein av landets fremste og mest folkekjære kunstnarar.

[Visningssenteret](#) vil vere med på å aktualisere kunstnarskapet enda sterkare, med mål om at arven etter Nikolai Astrup skal takast vidare gjennom ei sterk forankring på staden han levde og skapte sine kunstverk.

Med senteret får publikum oppleve Astrup sin kunst der han budde og der han arbeidde, og nøkkel til å forstå samanhengen mellom kunst og landskap.



10 Visningscenteret sett frå Jølstravatnet, skisse: Erik Langdalen arkitektkontor

Visningscenteret vil supplere den 100 år gamle kunstnarheimen med naudsynte funksjonar inn i framtida med moderne fasilitetar for utstillingar av Nikolai Astrup sin kunst.

Visningscenteret vil gjere det mogleg for Astruptunet å låne inn verk frå dei store museumssamlingane i Norge. Utstillingslokala i senteret vil ligge i eigen fløy, som vil vere mogleg å klimastyre, samt låse av, på moderne vis.

Byggherre og eigar av bygget vil vere Sunnfjord kommune. Visningscenteret vil bli forvalta av Sunnfjord kommunen og Musea i Sogn og Fjordane (MISF).

Bygget vil også regulere tilkomsten for publikum i kulturminnet Astruptunet, der byggmasse, hage og landskap nyleg har blitt restaurert og rekonstruert.

Bygget vil innehalde publikumsmottak med utstillingslokale, kafé, toalett og heis og kontor. Publikum kan byrje- eller ende besøket i Astruptunet med utsyn over Jølstravatnet i kafeen, kunst i verdsklasse, lokal mat og drikke med innslag frå kunstnarhagen.

Visningscenteret vil få høg arkitektonisk kvalitet

Sunnfjord kommune utlyste i 2024 ein plan- og designkonkurransse i samarbeid med Norske arkitekters landsforbund (NAL). Det kom inn heile 162 forslag, som vitnar om viser stor nasjonal og internasjonal interesse. Vinnar av plan- og designkonkurransen er «På vandring» av Erik Langdalen arkitektkontor, sjå figur 5.

Nettverk og samfunnsnytte

Framhald av Astrup-satsingar i utland gjev positive ringverknadar for besøk i kunstnarheimen. Fire museum i Japan vil i 2026/2027 vise kunst av Astrup gjennom eit kalenderår.

Astruptunet er del av museet Musea i Sogn og Fjordane, som mottek driftsstøtte frå Kulturdepartementet. Staden har nær tilknytning til Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde.

Astruptunet har fagleg samarbeid med Kode i Bergen som har spisskompetanse på kunstnarskapet. Dette vil bygge opp under ambisjon om fagleg interessante utstillingar forankra i forskning, med utgangspunkt i både Nikolai og Engel Astrup sine kunstverk.

Sunnfjord kommune har som mål å vere regionmotor på Vestlandet jf. [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#). Kommunen skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet og profilere kommunen som eit reisemål knytt til kunst- og kulturinteresse. Visningscenteret ved Astruptunet er del av denne strategien. Eit visningscenter ved Astruptunet vil ha ringverknadar for heile regionen. Sunnfjord og Vestland vil få ein ny attraksjon både for innbyggjarane og for tilreisande.

Musea i Sogn og Fjordane vil legge til rette for foredrag og konsertar gjennom flankesesongane, slik at senteret blir treffpunkt i lokalsamfunnet for kulturell aktivitet.

Senteret vil føre med seg heilårs arbeidsplassar og aktivitet i eit lokalområde som i hovudsak har landbruk som næringsaktivitet.

Måler er å realisere Visningscenteret i 2028. Sjå vedlegg 9 og 9-1, 16-18

Totalkostnaden på prosjektet er kr 116 678 000. Kalkyle er levert av Bygganalyse AS. 20. desember 2024

[Visningscenter Astrup Brosjyre Visningscenteret ved Astruptunet](#)



11 Tilkomst frå vegen, kafeen dukkar gradvis fram blant trea, skisse Erik Langdalen arkitektkontor

2.3 Vidsyn



12 Vidsyn om natta, foto: Sunnfjord kommune

Vidsyn er ein installasjon på toppen av trappene som danner utgangspunktet for Hafstadkleiva. Det er stiftinga Bystien som har tatt initiativet til tiltaket. Vidsyn vil fungere som eit utkikkspunkt utover Førde og Førdefjorden. Kulturministeren Lubna Jaffery opna Vidsyn 04.07.2024.

Målet er at Vidsyn skal få stor betydning som identitetsmerke for Sunnfjord. Det skal vere eit trekkplaster, som på ein moderne måte vil fortelje historia til Førde, og den store utviklinga som har skjedd i byen. Det er mogleg å skanne ein QR-kode med mobilen, som gir brukaren tilgang på historier om hendingar og menneske som har vore med på å forme Førde.

[Prosjekt Vidsyn](#) vart gjennomført som eit kommunalt prosjekt der Sunnfjord kommune lyste ut anbud, bygde tiltaket og står som eigar av tiltaket for ettertida (vedtak i formannskapet 09.03.2023). Sunnfjord kommune har mottatt anlegget i gåve, og har vore ein samarbeidspart. Prosjektet er drive fram av ein fantastisk frivillig innsats.

[Musikk frå opninga ved trompetist Kristina Fransson.](#)



13 Ingeborg Sol Fure fotograf og influensar, kommunalsjef Anita Nordheim, kulturminister Lubna Jaffery og arkitekt for Vidsyn, Christina Kvamme, foto: Ingeborg Sol Fure

2.4 Landslovjubileet

LANDSLOV JUBILEET
1274 2024

Velkommen til Ålhus
27.–29. september

LANDSLOVSFEST

FREDAG 27. SEPTEMBER

Kl 10–16: Rett framfor makt i 750 år
Lovhistorisk fagdag på Eikaasgalleriet

Kl 18: Ein gut, ei borg, ei rose, ei lilje
Forteljesamling ved Borgja og opning av Audun Huggleikssons plass

Kl 18.30: Opptog frå Borgja til Eikaasgalleriet

Kl 19: Opningshøgtid i Eikaasgalleriet
Opning av kostymeutstillinga "Kongens mann" og ei ny utstilling om Ludvig Eikaas og Audun Huggleiksson

Kl 22: Draumkvedet i Ålhus kyrkje

LAURDAG 28. SEPTEMBER

Kl 11–16: Marknad og moro ved Eikaasgalleriet

Kl 15 og 17: Landet du gav oss
Kyrkjeconsert i Ålhus kyrkje

Kl 20: Landslovsjilde i Borgja
Langbordsmiddag frå middelalderen sitt kjøkken

SØNDAG 29. SEPTEMBER

Kl 11: Jubileumsgudsteneste i Ålhus kyrkje

Kl 12: Opning av kulturmiljøløypa på kyrkebakken
Formidling og omvising ved elevar frå Sunnfjord kulturskule

Kl 15: Mikkelmesse-middag i prestegardshagen
Kransen, Husfrue, Korset - litterær salong i stovene

For meir informasjon og billettsal:
sunnfjord.kommune.no og ticketco.no

Westland fylkeskommune, Sunnfjord kommune, DEN NORSKE KYRKJA, Sunnfjord fylkeskommune, Sunnfjord kulturskule

14 Programplakat over landslovsfesten

Sunnfjord var med på den nasjonale feiringa av Landslovjubileet for Magnus Lagabøte si landslov i 2024. Landslova av 1274 sette rett framfor makt og skreiv fram grunnmuren for det gode samfunnet vi får leve i, 750 år seinare. Mellom lovskrivarane var Audun Huggleiksson frå Ålhus i Sunnfjord kommune.

Landslova vart ferdigstilt i Bergen i 1274, og var den tredje riksdekkande lovboka i Europa. Ho avløyste dei fire landskapslovene for Frostating, Gulating, Eidsivating og Borgarting. Landslova er knytt til Sunnfjord gjennom Audun Huggleiksson frå Ålhus i Jølster.

Herre til Hegranes, vår kjære blodsfriende og sekretær. Slik innleier kong Eirik eit brev til Audun Huggleiksson frå Ålhus i Jølster i 1295. Audun var i denne tida kjend som den kunnigaste

mannen i landslova og dermed den mektigaste ved sidan av kongen. Truleg var

han òg i nær slekt med kongen, slik vi kan lese i brevet; Ein blodsfriende» var ein slektning.

I Sunnfjord vart det arrangert Landslovsfest i slutten av september med seminar, konsertar, gudsteneste og middag for å feire og auke kunnskapen om Landslova og Audun Huggleiksson si rolle i utforminga av lova.

Kulturmiljøplanen har som mål å etablere ei kulturminneløype på Ålhus for å dokumentere mellomalderhistoria på Ålhus som mellom anna omfattar tuftene etter Auduns borg og dørbliad i Ålhus kyrkje.

Sunnfjord kommunestyre gjorde 23.juni 2021 slikt vedtak:

1. Kommunedirektøren set ned ei nemnd som arbeider med lokale arrangement og andre tiltak i Sunnfjord kommune i samband med markering av 750-årsjubileet for Landslovene i Norge. Tiltaka skal ha særleg vekt på Audun Huggleiksson si rolle i utforming av Landsloven.
2. Kommunedirektøren tar kontakt med Vestland fylkeskommune for å oppnå best mogeleg samordning og samarbeid i høve fylkeskommunen si markering av 750-årsjubileet og den lokale markeringa i Sunnfjord.

Sunnfjord kommune markerte på denne måten at ein ønska å ta ei aktiv rolle i markeringa av Landslova ved å utvikle eit jubileumsprogram med utgangspunkt i livssoga og arbeidet til baron Audun Huggleikson frå Ålhus i Jølster.

I ei utstrekkt samskaping mellom forvaltning og utdanning, profesjonelt og frivillig kulturliv og lokale lag og organisasjonar arbeidde vi etter fylgjande målsettingar for jubileumsprogrammet:

- Fremje historie- og samfunnskunnskap og kulturforståing
- Fremje bevaring, forskning og formidling knytt til mellomalderhistoria vår
- Utvikle demokrati og medverknad på ulike læringsarenaer
- Skaffe og bruke kunnskap om historie og stadutvikling i samfunnsutviklinga

I Sunnfjord kommune var det sett ned ei jubileumsnemnd som var organisert i ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Einingsleiarane for bibliotek, kultur og ungdom og Sunnfjord kulturskule arbeidde saman med representantar for Teater Vestland, Sogn og Fjordane kunstmuseum, Musea i Sogn og Fjordane, Rom for ord, kyrkjene i Sunnfjord, lokale folkeakademi, grendelag og andre med kompetanse og engasjement for emnet.

Jubileumsnemnda arbeidde under leiing av kommunalsjef for kultur og idrett, Anita Nordheim.

I fellesskap feira vi historia og løfta verdiane landslova etter Magnus Lagabøta bygde for ei ny tid.

No har vi vår vakt ved sogeljoset. I dette lyset skimtar vi tidene før oss, og vi ser korleis dei held fram.

For då, som no skal vi vere trygge for mat og livsopphald. Der er det vi i dag kallar gode kvardagsliv. For det er kvardagar det er flest av. Det er i kvardagen det gjeld å gje kvarandre ei hjelpande hand når det trengs.

Så er det kanskje dette vi feirar, mest av alt. Det samfunnet som har fått vokse fram under dei verdiane i lova som var ført i pennen av Audun Huggleikson.

Denne folkefesten på Ålhus er eit resulta av styrken å stå saman, dugnadsfolk, grendelag, kulturnæring av alle slag, lag og organisasjonar, skular og utdanningsinstitusjonar, Sunnfjord kommune og Vestland fylke.

Festen skipar vi til i lag - av folket – og for folket. Sunnfjord kommune takkar alle som deltok og bidrog til folkefest for landslova på Ålhus i Jølster. Sjå også vedlegg 10 Rapport arrangement og besøkande landslovshelga



Etter jubileumshelga fekk vi denne helsinga frå Fylkesordførar Jon Askeland.

Kulturell storhelg i Jølster!

Landslovjubileet går mot slutten, og det ville ikkje vore fullkome utan fokus på Audun Huggleikson, den sentrale lovskrivaren til kongen. Og for ei helg, det er berre å takka for det kulturelle storløftet i Ålhus!

Seminardag, teater, utstilling, samtalar, konsertar, fest med vikingmat i Borgja, kulturløype, festgudsteneste i den vakre kyrkja, og finale med fokus på Mikkelsmesse og kvinnene i vikingtida. Fulle hus på alle arrangement. Eg er imponert og vilt begeistra, og takkar alle for kraftløftet, som fortset med skulebesøk til veka!

Biletet er henta frå [Nytt frå kommunedirektøren](#) 04.10.2024,

2.5 Satsing skulebibliotek

Skulane i Sunnfjord har svært gode resultat (nr. 4 i Kommunebarometeret 2024) og er opptekne av gode resultat innan lesekompetanse.

Skulane har hatt ein samarbeidsavtale med folkebiblioteket sidan 1998, og var tidleg ute med digitalt utlånssystem (2002) og fagutdanna bibliotekar som hjelper og støttar skulebiblioteka med driftsoppgåver som kassering og katalogisering. I tillegg supplerer folkebiblioteket skulebiblioteka med bøker frå den statlege innkjøpsordninga og har etablert eit fagleg nettverk av skulebibliotekarar for alle 13 grunnskulane i kommunen.

Skulane i Sunnfjord har vore med i fleire statlege prosjekt som Program for skulebibliotekutvikling (2012) og tilskotsordninga til Utdanningsdirektoratet (2018 og 2024).

I 2024 var tildelinga på 1.8 million og gjekk til prosjektet Leselyst for alle. Gjennom dette prosjektet skal ein utvikle skulebiblioteka som:

- læringsarena (gjennom å implementere ny leseplan)
- arena for leselyst (gjennom motivasjon og innbydande bibliotekrom)
- psykososial arena (motvirke utanforskap og langtidsfråver)

I mars 2025 vil det stå klart eit nytt renovert og digitalisert skulebibliotek på Bygstad skule med aktiv støtte frå Sunnfjord bibliotek.

Det gode og langvarige samarbeidet mellom skule og bibliotek i Sunnfjord kommune har vekt merksemd utover kommunen, og folkebiblioteket har deltatt på fleire konferansar og i ulike prosjekt som omhandlar skulebibliotek og lesing.

Det at vi samarbeider på tvers og ser kommunale satsingar i samanheng har vore utslagsgivande for prosjektmidlar til skulebibliotek. Leseglede og god lesekompetanse må sjåast i samanheng.

2.6 Rom for ord

Prosjektet Rom – litterære møtestader i distrikta er ein distriktsvariant av litteraturhuset med mål om å styrke interessa for lesing, kunnskap og debatt i distrikta og regionen. Rom for ord er eit prosjekt i Sunnfjord kommune.

Distrikta i Vestland fylke er til forveksling like kvarandre, med same kulturelle infrastruktur: Små og mellomstore kommunar kring tettstadar. Å utvikle programtypar som svarer til det litterære kulturtilbodet i storbyane på distriktet sine premissar er nybrottsarbeid som kan ha overføringsverdi til andre regionar.

Rom for ord arbeider med fleire programtypar. Eit av dei som har vore med sidan starten i 2017 er grendasalongane. I desse prosjekta finn Rom for ord fram til

møteplassar med autentisitet og historie som høver for temaet og forfattarskapen som skal inn i programmet.




15 Plakat Rom for ord

Eit døme på prosjekt i 2025 er ei reise på Den trondhjemske postvei gjennom eit år, i alle sesongar. Startpunktet vil vere i sør i Bygstad og nordover gjennom heile kommunen og ende i nord mot Breimsvatnet på grensa til Gloppen kommune. Innbyggjarane vil kunne vere med på reisa, gå langs med den verna postvegen, reise med båt og delta i ulike litteraturarrangement og formidling av kulturminne på vegen.

Sjølv om distriktsperspektivet er vesentleg, samarbeider Rom for ord med større institusjonar i vestlandshovudstaden. Både Litteraturhuset i Bergen, Det Vestnorske Teater og Bergen offentlege bibliotek har vore vertskap for programma til Rom for ord. Dette sikrar kollegial kontakt, fagleg utvikling og samarbeid, idèutveksling og god ressursforvaltning. Arrangementa er likevel først og fremst rigga for mindre scener i distrikta.

2.7 Anleggsdekning i Sunnfjord kommune

Idrettsindeksen viser at i 2023 var det 8 864 medlemskap innanfor idrettslag og organisasjonar i Sunnfjord kommune, i ein kommune med omlag 22 500 innbyggjarar. Det gir ein prosentdel på 42,76 som gir Sunnfjord ein 41. plass i landet.



16 Buldrehallen i Skei storhall, foto: Sunnfjord kommune

Anleggsregisteret inneheld ei oversikt over store og små anlegg i heile landet. For å kunne samanlikne små og store anlegg, har idrettsindeksen gitt alle anleggstypar ulike anleggspoeng. Summen av disse poenga nyttast til å vurdere anleggssituasjonen i kommunane. Anleggsdekninga i Sunnfjord er utifrå dette rekna til å vere 240,9, noko som gir ein 168. plass i Noreg. Dei fleste av idrettsanlegga ute vert drift av frivillige lag og organisasjonar, nokre av dei i samarbeid med kommunen.

Kommunen har ein trippel fleirbrukshall i Førdehuset og 6 ulike idrettshallar som vert leigd ut og drifta i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar på kveld, helg og i feriar. Det er sidan oppstart av ny kommune utarbeidd driftsavtalar, leigeavtalar og vidareutvikla driftsmodellar for kvar av hallane. Det er oppretta samarbeidspartnarar for alle idrettshallane bortsett frå ein. Klatrehallen på Skei, treningsroma på Sande og i Naustdal vert drifta av lokale idrettslag. Det er også utarbeida retningslinjer for tildeling av faste treningstider, og felles prismodell for alle idrettshallane står for tur. Fleire av idrettshallane fungerer som sosiale møteplassar og har utvikla ulike variantar av open-hall-konsept. Det vert jobba med vidare med open-hall-konseptet og utvida bruk av idrettshallane. Det er etter ønske frå ungdomsrådet, omtala i Handlingsplan for ungdomsrådet 2024–2027, vedlegg 11.

Langeland Skisenter er eit forbilde innan anlegg og vant Norges Skiforbunds anleggspris 2017. I 2024 har dei utvida med skiskyttarstadion og ny løype. Anlegget har frå før rulleskiløype, lysløype, FIS-godkjent konkurranseløype, anlegg for snøproduksjon og eit godt turløypenett. Såleis kan anlegget nyttast både vinter og sommar. Anlegget er anbefalt av Norges Skiforbund.



17 Her frå opninga med ordførar Jenny Følling som testar anlegget, foto Sunnfjord kommune

Dagsturhyttene

Stor stemning og flagget til topps på opning av Dagsturhytta #Haugaro i #Viksdalen 🇳🇴🇳🇴🇳🇴 Eit godt samarbeid mellom Viksdalen Nærmiljøråd Viksdalen Idrettslag og Sunnfjord kommune.

Dette er lagarbeid. Takk til grunneigar, dugnadsfolket og alle som har hjulpet til. Takk til primus motor for prosjektet **Torstein Hatlestad** og **Karsten Løvlid** De er gull verdt! 🏆🏆🏆

Haugaro ligg nær skule og barnehagen og er universelt tilrettelagt 🙌 Gratulerer og god tur! 🏃🏃🏃🏃🏃🏃🏃



18 Innlegget frå sosiale media ved ordførar Jenny Følling som opna den 5. dagsturhytta

Formålet med ein eigen plan for friluftslivets ferdselsårer og områder er å samle alle turrutene og turmåla på ein stad, få fleire ut på tur og auke tilgjengelegheita. Resultatet frå arbeidet bidreg til auka kunnskap, slik at vi kan vedlikehalde og utvikle ferdselsårene/friluftslivsområda i kommunen vår. Planen skal sikre at nye turruter vert etablert der det er behov for dette, og at omsyn til andre interesser og naturverdiar vert ivareteke. I tillegg blir informasjonen lettare tilgjengeleg for dei som skal arbeide med stiane i saksbehandling og arealplanlegging, for interessegrupper og i leiteaksjonar, vedlegg 12.

Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod for turgåarar - ein plass for å ete matpakka si, få i seg litt varme og bla i bøker. Kvar hytte har eit nynorsk turbibliotek. Prosjektet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sparebankstiftinga / Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunen. Det er 5 dagsturhytter i Sunnfjord kommune.

Klima- og miljødepartementet sette i 2019 i gang det fleirårige prosjektet Plan for friluftslivets ferdselsårer, som oppfordrar alle kommunar til å ha ein plan for friluftslivets ferdselsårer (jf. Regjeringa sin Handlingsplan friluftsliv).

Planen er vedlegg til temaplanen for kultur, frivilligheit og inkludering. Miljødirektoratet har det nasjonale prosjektansvaret for friluftslivets ferdselsårer og fylkeskommunen er regionalt prosjektansvarleg og bistår kommunane med m.a. tilskot og rettleiing.



19 Bilde frå opning av oppgradering av tursti Nordheia, foto: Sunnfjord kommune

2.8 Forprosjekt ny svømmehall

Kommunen har vist sterk vilje til å satse på kultur gjennom omfattande investeringar i kulturinfarktstruktur og støtte til lokale kulturinitiativ.

Det er utarbeidd konkrete planar for bygging og modernisering av Førdehuset som er storstova og kulturhuset i kommunen. Dette skal sikre eigna lokale for mange og ulike kulturaktivitetar. Kommunen har ein svært utfordrande økonomisk situasjon som mange andre kommunar i dag. Likevel har Sunnfjord kommune ambisjonar om store framtidige kultur -og idrettsprosjekt. Ny svømmehall er eit av satsingsområda for framtida og eit av dei seks prioriterte tiltaka i Plan for kultur, frivilligheit og inkludering 2024–2028. Det er ein stor symjegruppe som har behov for konkurransebasseng, og det er eit stort rekrutteringstiltak.



20 Skisse over nytt svømmeanlegg ved prosjektgruppa

Forprosjektet til svømmehallen er utvikla og omfattar programmeringsarbeid med rom- og funksjonsprogram, konseptutvikling med teikningsgrunnlag for ombygging og nybygg med premissnotat for ulike fagområde og bygning- og teknisk funksjonsomtale.

Det nye bassenget er utforma som eit 25 m konkurransebasseng med 6 baner med tilhøyrande garderobar, tribune, sosialrom og tilhøyrande teknisk areal. Det er lagt opp til tribune plass i 2. etasje for omlag 250 personar. Bassenget vil ha hev-senk-løysing på langs, slik at to baner kan nyttast som undervisningsbasseng med tilpassa høgde. Det gamle bassengområdet, med 25 m basseng med stupedel og plaskebasseng, vil bli prioritert for undervisning og spesielt tilrettelagt for universell utforming. Her vil ein ved rehabilitering ta ei banelengde og etablere trapp og rampe ned i bassenget. I tillegg vil denne bassengdelen bli prioritert som folkebad og fritidsaktivitet med tilvenning og leik i basseng. Dei to bassengområda får felles tilkomst frå hovudinngang/vestibyle – og eksisterande garderobar er blitt teikna om for å få til ei vidare samankopling med nybyggdelen. Det er lagt vekt på å sikre god flyt og at ny planløysing skal gi universell tilrettelegging for begge svømmeanlegga sjå vedlegg 13.

2.9 Handverksløftet

Handverksløftet «Skaparkraft i landet mellom elvane» fremmar tradisjonelt handverk i Sunnfjord gjennom opne verkstadar for barn og unge. Prosjektet er 3-årig, og har fokus på generasjonsmøter, samskaping og berekraftige kreative aktivitetar og er eit samarbeid mellom Førdehuset, Sunnfjord kulturskule, Sunnfjord bibliotek, Midtre Sunnfjord husflidlag, Norges husflidlag, Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane og Naturvernforbundet.

Prosjektet «**Skaparkraft i landet mellom elvane**» ved Sunnfjord kulturskule er tildelt kr 500.000,- til dette handverksløft. I dette prosjektet skal vi bygge ut folkeverkstadene på Førdehuset i tett samarbeid med Sunnfjord bibliotek og Kultur og ungdom. For kulturskulen sin del vil faga visuell kunst og teater ha stor nytte av verkstadene til å lære gamle handverk, men også til å utvikle desse vidare. Målet i prosjektet er å utstyre tre rom med godt og funksjonelt utstyr til å jobbe med og lære om ulike tradisjonshandverk. Desse romma skal også kunne bookast av andre som ynskjer det både til kurs og til eige arbeid.



21 Plakat håndverksløftet i kulturskolen

Her kjem eit lite utdrag frå søknaden:

«Ein gong låg ein liten gut på golvet under renningane i veven til mor si. Over han var veven som ein himmel. Sola fekk trådane til å glitre og fargane til å lyse, som om dei brann, raude og gule. Alltid var mønsteret det same. Så strengt, synst guten. Kunne rutene i veven bli blommar? Eller bær, slik dei vaks i bakkane bak vevstova? Målaren Nikolai Astrup sine tidlege arbeid er mønster for vev. Ikkje tradisjonelle åttebladrosar,

men blåklokker, valmuer og tyttebær. I vår tid har smykkekunstnaren Anne Lise Øvrebø skapt kolleksjonar i sølv og gull frå dei same mønstra. Slike skapingssoget har vi mange av i Sunnfjord. Skaparkrafta er ein berebjelke i den kulturelle identiteten vår, men veden i bjelken har si styrke frå handverka. Frå ei hand til den neste går handverka i arv.» vedlegg 14

2.10 VM i vektløfting 2025 i Sunnfjord

Sunnfjord kommune i samarbeid med Vestland fylkeskommune har støtta VM i vektløfting med til saman 15 millionar kroner. Når administrasjonen for VM har søkt departementet om ekstra støtte, er oppmodinga klar frå kommune og fylke:



22 Plakat VM i vektløfting 2025

«Det er særleg viktig å peike på det sportslege aspektet og det sterke engasjementet denne idretten har hatt over lang tid lokalt i Tambarskjelvar IL i Naustdal og AK Bjørgvin i Bergen. Som kjent har regionen fostra mange talentfulle vektløftarar som har gjort det sær bra både nasjonalt og internasjonalt.» heiter det i brevet til departementet, som også syner til at tv-rettane til arrangementet er selt til 85 land.

Fylkesordførar Jon Askeland og ordførar i Sunnfjord kommune Jenny Følling, peiker på at dette er eit arrangement som vil setje Noreg på verdskartet, og som vil skape endå betre infrastruktur og fasilitetar for idretten og slike typar arrangement. Sunnfjord kommune er glade for å kunne fasilitere for VM i Førdehuset. Vedlegg 14

2.11 Kunst i sentrum

Kommunen er i samarbeid med fylkeskommunen og staten i gang med ei storstilt utvikling av Førde, med nye gater, fortau og sykkelveggar. Førdepakken skal danne grunnlaget for god byutvikling.

Målet å få på plass 2 til 3 nye kunstverk i Førde sentrum innan 2026 som ein del av Førdepakken.

Kunstverka i Førdepakken skal føre til at lokalbefolkning og reisande møter kunst av høg kvalitet. Kunsten sitt uttrykk og innhald skal bidra til å gi særpreg til Førde sentrum. Kunstverka kan treffe publikum gjennom å skape undring, refleksjon, engasjement, og møteplassar og aktivitet.

Målgruppa er særleg gåande, syklande og folk som oppheld seg i Førde sentrum. Kunstverka skal vere unike, utført i varige materialar og bli del av dei varige omgjevnadane. Kunstverka kan vere frittstående eller inngå som element i golvdekke, bruer eller anna infrastruktur. Det kunstfaglege utgangspunktet for fagutvalet som arbeider med prosjektet er å legge til rette for at kunstnarar kan utvikle eit prosjekt som går i dialog med staden der verket skal oppførast.



23 «Månen, dråpen og diamanten» ved kunstnar Magnhild Øen Nordahl. Del av Førdepakken, foto: Sunnfjord kommune



24 Freds- og demokratiplass, skisse: sivilarkitekt MNLA Arild Wåge og professor biletkunstnar NBK, Kalle Grude.

Sunnfjord kommune ønsker også å realisere ein freds- og demokratiplass, ein «Minnestein» og «Møtestein» ved elva i parken i Førde sentrum. Ønsket er ein stad med eigenverdi, men som også kan fungere som ein fysisk samlingsstad ved ulike

seremoniar og spontane hendingar – ein møteplass. Kunstverket er ved Atle Wåge og Kalle Grude. Kommunen jobbar med å få til eit spleiselag, og har nyleg levert ein søknad til KORO. Kunstverket er eit av tiltaka i handlingsplanen i [Veteranplanen](#).

Elva Jølstra renn gjennom og formar Førde sentrum. Den er eit sentralt element både i landskapet, bymiljøet og i vegutbygginga i fleire av dei aktuelle områda. I Jølstra er det mellom anna starta prosjekt med å gjenopprette laksebestand, og elva munnar ut i Førdefjorden som dei siste åra har fått mykje merksemd på grunn av gruveutvikling



25 Åklemønster i Hafstadvegen, kunstnar Magnhild Øen Nordahl. Del av Førdepakken, foto: Sunnfjord kommune

lenger ute i fjorden. I Jølstra sitt gamle elveleie er det no våtmark med særeigen fauna. Som senter for regionen har Førde både i dag og historisk sett fleire funksjonar for områda rundt byen, mellom anna innan helse, utdanning og næring. Førde er handelsknutepunkt for regionen og ein by prega av bilbruk.

Utbygginga av Førdepakken og dei nye kunstverka vil gi opplevingar til gåande og syklande. Førde er ein ung by, med den gamle hagebyen tett på sentrum.

Førde er ein stad i vekst og utvikling med aukande mangfald. Kunstnarar er velkomne til å arbeide med andre tema og tilnærmingar.

2.12 Historia om Førde

Bokverket Historia om Førde gir eit bidrag til skaping av identitet gjennom kunnskap om byen Førde.

Historia om Førde er eit bokverk om kommunen og byen som er tyngdepunktet i Sogn og Fjordane. Første bind skildrar historia kronologisk og i historiske periodar, med vekt på dei store endringane etter 1960. Bind 2 går djupare inn i utvalde emne, medan bind 3 byr lesaren med på ei kulturhistorisk reise i det som fram til 2020 var Førde kommune, gjennom alle bygder, grender og bydelar.

Dette tredje bindet, Førde rundt presenterer kulturhistoria i Førde, bydel for bydel og grend for grend. Førde er i boka inndelt i følgjande 16 område: 1. Gamle Førde, 2. Prestebøen, 3. Storehagen og Øyrane, 4. Frå Korsen til Hornnesvika, 5. Hafstad, 6. Halbrend, 7. Hafstadflata og Bruland, 8. Vie og Tefre, 9. Langs Angedalsvegen, 10. Angedalen, 11. Førdefjorden sør, 12. Førdefjorden nord, 13. Sunde, 14. Mo og Åsane, 15. Holsen og 16. Haukedalen.

Gamle Førde kommune byr på stor variasjon, frå fjord- og dalbygder, der tradisjonar står sterkare, til eit raskt veksande bysamfunn i den flate dalen inst i Førdefjorden. Frå Førde går det vegar i alle retningar, og til Førde kjem folk frå eit stort omland for å arbeide, handle eller ta i mot tenester, der Sentralsjukehuset er viktigaste institusjon. Boka skildrar kulturhistoria og Førde i dag frå ein geografisk synsvinkel, slik dei ligg etter vegane, i bygd og by.

Boka er rikt illustrert med kring 750 gamle og nye foto, og gode kart, både av bygdene og sentrumsområda. Bli med på ei kultureise i Førde anno 2024! Redaksjonen er Torkjell Djupedal, Erik Solheim, Asbjørn Tyssen og Trond Ueland. Bokverket er gitt ut av Førde historielag i samarbeid med Selja forlag.

Sunnfjord kommune har bidratt med 2 millionar kroner til prosjektet.

2.13 Andre samarbeidspartar

Sunnfjord kommune samarbeider med mange ulike organisasjonar og aktørar. Kommunen har samarbeidsavtaler med fleire, nokre får driftstilskot og andre har samhandling om drift og forvaltning. Vi nemner:

- Sogn og Fjordane kunstmuseum ligg i Førde sentrum og er storstova for kunst fordelt i tre etasjar. Gjennom året kan du sjå skiftande utstillingar med samtidskunst. Du kan også fordjupe deg i kunsthistoriske utstillingar med verk frå dei ulike kunstsamlingane i Musea i Sogn og Fjordane - [MISE](#).
- Nynorskens hus med Teater Vestland. Nynorskhuset har ambisjon om å vere eit kraftsenter for nynorsk og er utforma som eit signalbygg i Førde sentrum.
- Førdefestivalen er Skandinavias største festival for akustisk folkemusikk og verdsmusikk, og i 2019 fekk dei heideren EFFE AWARD 2019-2021, då European Festival Association kåra den til ein av dei fem beste festivalane i Europa uansett sjanger. Førdefestivalen presenterer rundt 250 artistar frå heile verda på 30 scener gjennom 90 ulike programpunkt, og har om lag 20 000 besøkande kvart år.
- Kulturnatta er eit stort samarbeidsprosjekt der amatørkulturlivet og dei profesjonelle aktørane lager liv i sentrum saman med sentrumsaktørar. Arrangementet er ein stor arena for frivillige som er med på å organisere og gjennomføre tilbodet.
- Ulike lag og organisasjonar og andre aktørar som kvar dag gjer ein enorm frivillig innsats i kommunen for å gje innbyggjarane eit breitt tilbod i kultur og idrett. Vi siser til plan for kultur, frivilligheit og inkludering for utfyllande informasjon.



26 Kunstmuseet i Førde, foto Oskar Andersen



27 Kulturmatt foto: Sunnfjord kommune

3 Forankring

3.1.1 Kultur i kommunale planar

Kultur er ein sentral del av planstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel, temaplanar og økonomiplan.

Planstrategien for 2024-2027 understrekar viktigheitene av kultur i kommunens utvikling og prioriterer tiltak for å styrke kulturtilbodet og inkludering i lokalsamfunnet

Kommuneplanen sin samfunnsdel har som delmål at Sunnfjord kommune skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestland og seier at vi innan 2030 har:

- styrka og utvikla vår posisjon som kulturelt tyngdepunkt i Vestland fylke
- utvikla eit breitt idretts- og kulturtilbod for innbyggjarar i alle aldersgrupper
- utvikla Astruptunet og visningssenteret, som trekker mange besøkande
- rehabilitert Førdehuset med ny svømmehall
- blitt ein aktiv vertskommune for større regionale, nasjonale og internasjonale kultur- og idrettsarrangement

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi skal bidra til at kultur- og idrettsaktivitetar har ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunnet
- Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.
- Vi stimulerer til vidareutvikling av kulturinstitusjonane vi er vertskommune for.
- Vi støttar opp om anleggsutvikling og er bidragsytar for gjennomføring av større regionale kultur- og idrettsarrangement
- Vi skapar gode vilkår både for frivilligheit og profesjonelle utøvarar og institusjonar
- Vi samarbeider med musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, lag og organisasjonar om formidling av lokal kunst- og kulturhistorie, samt kulturminne
- Vi profilerer Sunnfjord kommune som eit reisemål knytt til kunst- og kulturinteresse

I plan for kultur, frivilligheit og inkludering 2024-2027, vedlegg 5 legg kommunen vekt på å fremme kultur som ein samfunnsbyggande kraft. Dette inkluderer støtte til lokale initiativ, frivillige organisasjonar og ulike kulturinstitusjonar som Sunnfjord museum og Sogn og Fjordane kunstmuseum.

Økonomiplanen har kultursatsing med prioriterte investeringar i kultursektoren

Nokre av dei viktigaste investeringane er:

- Noko oppgradering av Førdehuset
- Støtte til kulturinstitusjonar som Sunnfjord Museum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Eikaasgalleriet for å sikre drift og utvikling
- Visningscenter Astruptunet
- Anleggsutvikling idrett
- Utvikling av kulturminne og kulturmiljø gjennom tiltak for å ta vare på og gjere kulturminne meir tilgjengelege, og sikre god forvaltning av desse
- Tilskot til kulturarrangement, kommunen vil fortsette å gje tilskot til ulike kulturarrangement og prosjekter for å fremme et mangfaldig kulturliv

Desse investeringane bidreg til å skape eit meir dynamisk og støttande miljø for kulturlivet i kommunen og regionen. Sunnfjord kommune har sterkt fokus på prosjektbasert utvikling i samarbeid med regionale, lokale og nasjonale organisasjonar, og søker aktivt samarbeid og støtte til prosjekt i samarbeid med andre kommunar, fylkeskommunar og organisasjonar.

3.1.2 Organisatorisk, administrativ og politisk støtte

Kultur- og idrettssektoren er godt integrert i kommunen sin administrasjon med eigen kommunalsjef for kultur og idrett som sit i kommunedirektøren si leiargruppe. Det er tett samarbeid mellom politiske og administrative einingar for å sikre god forankring i kulturarbeidet.

Samarbeid på tvers av ulike sektorar

Kommunen har etablert fleire samarbeidsmodellar som involverer ulike sektorar, inkludert helse, utdanning og frivillige organisasjonar, for å fremje kulturaktivitetar og sikre brei deltaking. Kommunen, frivillige lag og organisasjonar, innbyggjarar og næringsliv har saman løfta fram t.d. Seniorkoret, Internasjonalt kor, konsertar på dei fire omsorgssentera, Kulturatta og Handverksløftet. Handverksløftet skal fremme tradisjonshandverk ved å legge til rette for at erfarne handverkarar kan dele sin kunnskap og sikrar kompetanseoverføring.

I tillegg samarbeider dei kommunale einingane innan kultur og idrett med eksterne samarbeidspartar. Dømer på samarbeid:

- Sunnfjord kulturskule har korpssamarbeid med Sunnfjord korpsforum
- Kulturskulen har tilsett to distriktsmusikarar innan folkemusikk for å ivareta den immaterielle kulturarven
- Kulturskulen har starta Sunnfjord juniorspelemannslag
- Kulturskulen har eit tett samarbeide med Førdefestivalen og Barnas verdsdag i lag med Førdehuset og bibliotek
- Kulturskulen har tatt initiativ til eit samarbeide med Teater Vestland om teatertilbodet "Teater Vestland Ung" for dei eldste teaterrelevane

- Seniornett Førde i samarbeid med Førdehuset og Førde bibliotek
- Førde bibliotek i samarbeid med Røde kors om heimebuande lånarar.
- Sunnfjord bibliotek samarbeider med folkeakademi, historielag og andre frivillige lag om arrangement, litteraturformidling rundt i kommunen.
- Sunnfjord bibliotek samarbeider med Førde hagelag om frøbibliotek
- Internasjonalt bibliotek: Biblioteket hentar inspirasjon og deltek i ulike interne internasjonale prosjekt som t.d. Bibliotekernes berekraftsuke 17. Eit dansk bibliotekprosjekt som Sunnfjord bibliotek følgjer opp 2 år på rad i 2025.
- Sunnfjord bibliotek følgjer og opp internasjonale samarbeidsprosjekt knytt til samlingsutvikling. I 2025 er biblioteket det norske samarbeidsbiblioteket i Library Read Japan project.
- Erasmus-prosjekt knytt til jobbskygging på bibliotek i Europa i samarbeid med Vestland bibliotekutvikling.
- Biblioteka har fokus på å inkludere nye innbyggjarar og hindre utanforskap ved å tilby gratis tenester, som til dømes å tilby lån av materiale på andre språk, arrangement og aktivitetar.
- Friluftforum vart starta i 2024. Dette er ein samlingsplass for felles utveksling av informasjon innan for friluftsliv. Kommunen kallar inn til faste møter to gonger i året; august og februar.

Sunnfjord kommune har starta eit arbeid med frivillegpolitisk plattform hausten 2024, med ferdigstilling desember 2025. Dette skal legge betre grunnlag for samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar og sikre at frivillig innsats blir verdsett og tilrettelagt. Gjennom plattformen skal vi sikre betre integrering av frivillige i kulturprosjektet, støtte lokale kulturinitiativ og skape levande og inkluderande lokalsamfunn.

Sunnfjord kommune har fleire langsiktige planar for å integrere kultur i samfunnsutviklinga med fokus på berekraft og heilskaplege løysingar:

- [Berekraftig Sunnfjord kommune 2032](#): Dette prosjektet har som mål å utvikle kommunen vidare og skape gode kvardagsliv for innbyggjarane. Kultur er ein viktig del av denne satsinga, som legg vekt på å endre måten kommunen driftar på for å sikre berekraftig utvikling
- [Klima, miljø og berekraft](#): Sunnfjord kommune har fleire tiltak for klimaomstilling og klimatilpassing som også inkluderer kultursektoren. Det inneber å støtte kulturprosjekt som fremjar miljøbevisstheit og berekraftige praksisar

Dette er noko av det som bidreg til å skape eit levande og inkluderande lokalsamfunn der kultur spelar ei sentral rolle i samfunnsutviklinga.

3.1.3 Tiltak for tilgjengelegheit og inkludering

Det er iverksett tiltak for å sikre universell utforming av kulturbygg og for å fremje inkludering av alle grupper i kulturlivet, inkludert barn, unge, eldre og personar med funksjonsnedsettinga.

- Kommunen kan gi råd til ordningar som til dømes [tilskot til kulturbygg](#) gjennom spelemiddelordninga
- Plan for kultur, frivilligheit og inkludering 2024–2030 inneheld konkrete tiltak for å sikre at kulturbygg og andre offentlege bygg er tilgjengelege for alle, inkludert personar med funksjonsnedsettingar
- Universell utforming av IKT: Kommunen legg vekt på universell utforming av IKT-løysingar, noko som også gjeld for informasjonssystema knytt til kulturbygg. Dette sikrar at alle innbyggjarar kan få tilgang til informasjon og tenester på ein enkel og tilgjengeleg måte

3.2 Ambisjonar og refleksjon over framtida

Kommunen har ambisjonar om å vidareutvikle kulturlivet gjennom å støtte kreative næringar, fremme internasjonalt samarbeid og styrke lokale kulturinitiativ.

- Kommunen har som mål å sikre at alle innbyggjarar, uavhengig av alder, bakgrunn eller funksjonsevne, skal ha tilgang til og kunne delta i kulturlivet. Dette inkluderer tiltak for å gjere kulturarrangement meir tilgjengelege og inkluderande.
- Sunnfjord kommune ønsker å støtte kulturaktørar gjennom tilskotsordningar og prosjektmidlar. Dette bidreg til å styrke det lokale kunst- og kulturlivet
- Kommunen legg stor vekt på frivilligheit og medverknad i kulturlivet. Dette inkluderer å støtte frivillige organisasjonar og å leggje til rette for at innbyggjarane kan vere med å påverke kulturtilboda
- Sunnfjord kommune arbeider aktivt med å ta vare på og formidle kulturminna i kommunen. Dette inkluderer både tiltak for å bevare kulturminne og tiltak for å auke kunnskapen om dei

Kommunen planlegg å kontinuerleg evaluere og tilpasse kulturstrategiane sine for å møte framtidige utfordringar og moglegheiter, med fokus på berekraftig utvikling og innovasjon. Plan for kultur, frivilligheit og inkludering er ein overordna temaplan for Sunnfjord kommune. Den er eit styringsdokument der vi løftar blikket og bygger på ambisjonane til kommuneplanen sin samfunnsdel. Denne planen set fokus på kultur og idrett, frivilligheit og inkludering i Sunnfjord kommune. Kulturlivet skal ha mangfald, og det skal vere sterkt og uavhengig. Kultur utvidar forståinga av oss sjølve og samfunnet vi lever i. Eit mangfaldig kulturliv er ei skapande kraft som legg til rette for gode møteplassar, og bidreg til demokrati, deltaking og medverknad.

Frivillig sektor fyller viktige roller både for samfunnet og for enkeltmenneske og kan vere pådrivar for inkludering. Planen skal danne grunnlag for årlege vurderingar og prioriteringar.

Plan for kultur, frivillighet og inkludering handlar om Sunnfjord kommune sine visjonar, mål og innsatsområde fram mot 2030. Planen skal vere retningsgjevande og grunnlaget for handlings- og økonomiplanarbeidet i kommunen. Sjølve plandokumentet er bygd opp med tema som inneheld forslag til tiltak som gjeld både drift og investeringar. I vedlegg til planen er det ein eigen del for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og plan for friluftslivet sine ferdselsårer i Sunnfjord kommune

Kulturlova seier at alle skal kunne delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Vi nyttar det utvida kulturomgrepet i planen. Kultur spelar ei stor rolle for utviklinga av kommunen. Eit breitt kulturliv er viktig for god samfunnsutvikling. Det oppnår vi best gjennom variasjonar av tiltak. Plan for kultur, frivillighet og inkludering rettar seg mot miljøvenleg berekraft, sosial berekraft og økonomisk berekraft. Kultur grip inn i alle dimensjonane for berekraft, og er viktig for å skape ei berekraftig utvikling. Sosial berekraft handlar om deltaking og fellesskap. Kulturaktivitetar, kulturuttrykk og kulturarv har innverknad på identitet, tilhøyrse, helse og livskvalitet.

Vi må tilpasse den demografiske endringa og flytter tenestene til der innbyggjarane har behov. Det er store endringar i kommunen med at vi blir fleire eldre og færre unge. Vår oppgåve er å nytte ressursar og sette fokus på behovet til innbyggjarane. Vi må tilpasse kultur og idrettstilbod til innbyggjarane sine interesser og behov og trendane elles i samfunnet.

Under er handlingsplan for kultur, frivillighet og inkludering 2024-2030 lagt inn. Her er dei særleg prioriterte tiltaka:

Handlingsplan kultur, frivillighet og inkludering 2024–2030

I handlingsplan for kultur, frivillighet og inkludering har Sunnfjord kommune valt seks særleg prioriterte tiltak i planperioden, som vist i tabellen under. Tiltak som har økonomiske konsekvensar, må handsamast politisk.

Særleg prioriterte tiltak	Slik gjer vi det	Frå kommuneplanen sin samfunnsdel
<p>1. Nytt symjeanlegg og utvikling av Førdehuset</p> <p>Utvikle Førdehuset sin funksjon som regional storstove.</p> <p>Førdehuset må vere eit funksjonelt og moderne kultur –og idrettshus med fleksibel bruk, med rom for mange brukargrupper og aktivitetar.</p> <p>Førdehuset treng oppgradering.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bygge nytt symjeanlegg • Flytte ungdomsklubben på Løa til Førdehuset • Oppgradere sentralhall med inngangsparti, kiosk og kafé og utstillingsstad • Etablere folkeverkstad • Nytte vedteken strategiplan for Førdehuset som grunnlag for utvikling 	<ul style="list-style-type: none"> • Lågterskel møteplassar som inkluderer alle • Inkluderande kommune • Sunnfjord kommune som kulturelt tyngdepunkt
<p>2. Førebyggjande arbeid</p> <p>Utnytte betre potensialet som er i det mangfaldige kulturfeltet i folkehelsearbeid for å få gode kvardagsliv og motverke utanforskap og einsemnd.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide målretta om helsefremjande aktivitetar og førebyggjande arbeid • Etablere tverrfagleg samarbeid for å styrke medverknad, samskaping og innovasjon • Legge betre til rette slik at målgruppene kan medverke, få eigarskap til tilbod og aktivitetar som er tilgjengelege eller skal utviklast • Samarbeide om utvikling av ulike typar stiar, turveggar og rekreasjonsområde. • Etablere ungdomsklubbar der det er ungdomsskular 	<ul style="list-style-type: none"> • Gode kvardagsliv • Inkluderande kommune • Lågterskel møteplassar som inkluderer alle

8

Særleg prioriterte tiltak	Slik gjer vi det	Frå kommuneplanen sin samfunnsdel
<p>3. Gode arenaer tilpassa ulike aktivitetar og målgrupper</p> <p>Tilgjengelege møteplassar og aktivitetstilbod skal utviklast for å møte innbyggarane sine interesser og behov.</p> <p>Vi treng å betre tilgangen til møteplassar for sosial og fysisk aktivitet. Målet er å motverke passivitet og tilbaketrekking ved å danne grunnlag for meistring og nettverksbygging i lokalmiljøet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skaffe oversikt over tilgjengelege bygg og anlegg, øvingslokale med meir • Utarbeide system og reglar for utleige, ansvar og drift • Utvide bruk av Aktiv-kommune som digital flate • Legge til rette for auka og ny bruk av hallar, kommunale hus, skulebygg, bibliotek, kulturskular med meir • Støtter opp om arenaer for kultur – og fritidsaktivitetar som er eigd av frivillige organisasjonar • Jobbe for universell tilrettelegging av fritidsarenaene 	<ul style="list-style-type: none"> • Sunnfjord som kulturelt tyngdepunkt og lågterskel aktivitetstilbod og møteplassar for alle
<p>4. Kulturelt tyngdepunkt</p> <p>Kommunen har ei avgjerande rolle som kulturell motor for regionen, fylket og Vestlandet. Dette blir enno viktigare i framtida, og set nye krav til Sunnfjord kommune som vertskap. Velvilje er viktig i starten av ulike prosjekt. Ei satsing på kultur- og næringsprosjekt vil vere med på å utvikle regionen, og auke bidrag og engasjement frå ulike aktørar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Samskape med næringsliv, profesjonelle og frivillige aktørar • Bidra til større idretts- og kulturarrangement og utvikle generell kompetanse på arrangement • Bidra til eit ope, fleksibelt og inkluderande samarbeid • Ha tett partnerskap med kommunar, fylke og staten • Vere pådrivar for regionale kulturtilbod 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er ein aktiv vertskommune for større regionale, nasjonale og internasjonale kultur- og idrettsarrangement • Vidareutvikle posisjonen som kulturelt regionsenter og tyngdepunkt

9

Særleg prioriterte tiltak	Slik gjer vi det	Frå kommuneplanen sin samfunnsdel
<p>5. Frivilligpolitisk plattform</p> <p>Tiltaket skal bidra til at det vert enklare å vere frivillig. Vi gjev større rom for frivilligheita i Sunnfjord kommune. Det frivillige feltet må få best mogleg vilkår.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide og vedta frivilligheitspolitisk plattform i samarbeid med frivilligheita • Utvikle samarbeid og etablere avtaler mellom kommune og frivilligheit for å auka aktivitet og gje gode opplevingar • Kommunen legger til rette for at frivilligheita kan vekse og utvikle seg, støtte opp om gode initiativ og invitere til samarbeid og samskaping 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal auke den frivillige innsatsen • Vi skapar gode vilkår både for frivilligheit og profesjonelle utøvarar og institusjonar
<p>6. Kulturmiljøarbeid i Sunnfjord kommune</p> <p>Auke kunnskapen og identitetskjensla om kulturminneverdiane blant innbyggarane. Ta vare på, sikre og synleggjere viktige kulturminne og kulturmiljø.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Implementere kulturmiljøplanen Landet mellom elvane 2023–2030 • Oppfølging av gjeldande kulturmiljøplan med eit registreringsarbeid knytt til kulturmiljø og kulturminne • Styrke kulturminnevernet ved auka kunnskap og kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> • Viktige friluftsområde og kulturminneverdiar bør takast omsyn til i arealplanar og utbyggingssaker • Ta vare på naturen og sikre naturmangfaldet og kulturlandskapet

Kultur formar oss som menneske og samfunnet vi er ein del av.

I Sunnfjord kommune skal vi legge til rette for å skape gode kvardagsliv. Kommunen skal vere attraktiv for deg som innbyggjar, innflyttar, besøkande, og driv med etablering av næring.

Eit sterkt og mangfaldig kulturliv har ei skapande kraft gjennom å legge til rette for gode møteplassar, og til å bidra til demokrati, deltaking og medverknad der vi bur. Vi skal gje rom for frivillige og profesjonelle utøvarar og institusjonar

Kultur, frivilligheit og inkludering er viktige faktorar for folkehelse og førebyggjande arbeid. Dei vil styrke livskvalitet og helse i samfunnet vårt.

Evaluering og tilpassing av framtidige utfordringar og moglegheiter:

- Berekraftige arrangement – Legge vekt på miljøvennlege løysingar for idretts- og kulturarrangement, inkludert avfallshandtering, transport og energibruk.
- Tilrettelegging for brei deltaking – Sikre at kultur- og idrettstilbod er tilgjengelege for alle, uavhengig av alder, økonomi eller funksjonsevne.
- Samarbeid mellom sektorane, styrke partnerskap mellom kommune, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar for å skape innovative løysingar.
- Bruk av teknologi – Utforske digitale løysingar for å forbetre kultur- og idrettsopplevingar, som strøyming av arrangement eller virtuelle museumsturar.
- Klimavenlege idrettsanlegg – Investere i energieffektive bygg og gjenbruk av materiale i nye anlegg.
- Lokal kulturarv og identitet – Styrke bevaring og formidling av lokal kulturarv gjennom innovative metodar som digitalisering og interaktive utstillingar.
- Talentutvikling – Skape gode utviklingsmoglegheiter for unge idrettsutøvarar og kulturaktørar.
- Økonomisk berekraft – Utvikle finansieringsmodellar som sikrar langsiktig drift av kultur- og idrettstilbod.
- Frivilligheit og engasjement – Styrke rekruttering og motivasjon av frivillige som ein berebjelke i kultur- og idrettslivet.
- Tilpassa infrastruktur – Sørge for at nye idretts- og kulturbygg er fleksible og fleirfunksjonelle for å dekkje ulike behov.
- Sosial berekraft – Bruke kultur og idrett som verktøy for inkludering, integrering og folkehelse.
- Evaluering og datainnsamling – Gjennomføre jamlege evalueringar av tiltak for å måle effekt og forbetningspotensial.
- Marknadsføring og profilering – Auke medvitet om Sunnfjord som ein attraktiv destinasjon for kultur- og idrettsopplevingar.
- Bruk av naturen – Styrke friluftsliv og naturopplevingar som ein del av kultur- og idrettstilbodet med berekraftige prinsipp.
- Innovasjon og nytenking – Etablere ein arena for eksperimentering og utvikling av nye kultur- og idrettsprosjekt i samarbeid med forskingsmiljø og kreative næringar.

Desse tiltaka kan bidra til ei meir berekraftig og innovativ utvikling av kultur- og idrettssektoren i Sunnfjord kommune.

3.3 Vedlegg

Vedlegg 1-4 CV einingane kultur og idrett

Vedlegg Kulturmiljøplanen

Vedlegg 5 Plan for kultur, frivilligheit og inkludering

Vedlegg 6 Kulturmiljøplanen

Vedlegg 7 Eigeninnsats Moglegheitsstudie Førdehuset

Vedlegg 8 Moglegheitsstudie Førdehuset

Vedlegg 9 Astruptunet Visningscenter

Vedlegg 9.1 Juryrapporten for plan og design

Vedlegg 10 Rapport Arrangement og besøk under landslovsjubileet

Vedlegg 11 Handlingsplan ungdomsrådet

Vedlegg 12 Plan for friluftslivets ferdselsårer

Vedlegg 13 Søknad handverksløftet

Vedlegg 14 Symjeanlegg

Vedlegg 15 Støtte til VM i Førde 2025

Vedlegg 16 -18 Intensjonsavtalar Astruptunet Visningscenteret

Sunnfjord kommune 10.02.2025

Ordførar
Jenny Følling

Kommunalsjef kultur og idrett
Anita Nordheim